



Saksframlegg

Anke til Høgsterett i sak om eidegdomsskatt på nettanlegg – oppmoding om økonomisk støtte

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	8/17	15.02.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

- Brev frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK), datert 19. september 2016.

Bakgrunn for saka:

Statnett har tatt ut søksmål mot fleire kommunar om eidegdomsskattetaksten på selskapet sine nettanlegg. Saka har vore til handsaming i tingrett og lagmannsrett med ulikt resultat. LVK har på vegne av kommunane anka saka inn for Høgsterett. Saka er prinsipiell og LVK søker på vegen av dei "tre utvalde" kommunane Hol, Evje og Hornnes og Hjelmeland om ei kronerulling for å dekke deira prosesskostander.

Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020 der det heiter:
Oppretthalde den økonomiske handlefridomen.*

Søksmåla mot tre av dei saksøkte kommunane, Hjelmeland, Hol og Evje og Hornnes, vart samordna til felles handsaming i Stavanger tingrett. Stavanger tingrett frifant i dom 31. august 2015 dei tre kommunane, og uttalte at retten ikkje var i tvil om resultatet. Dei tre kommunane og partshjelpar LVK ble tilkjent saksomkostningar på tilsaman kr. 1,2 millioner.

Statnett anka dommen til lagmannsretten med begrunning i at saka har prinsipiell betydning og vil gjelde alle kommunar med nettanlegg tilhøyrande Statnett, enten anlegga er nye eller eldre. Energi Norge erklærte partshjelp til støtte for Statnett, mens LVK erklærte partshjelp til støtte for kommunane også for lagmannsretten.

Gulating lagmannsrett kom i dom 28. juni 2016, i motsetning til tingretten, til at domstolane kan prøve dei kommunale takstnemndene sin konkrete verdsettingsskjønn fullt ut. Vidare kom lagmannsretten, i motsetning til tingretten, til at berekinga av verdslitet som følgje av slit og elde på nettanlegg må baserast på lineære avskrivningar over anlegget si antatte levetid. På grunn av saka si prinsipielle karakter kravde ikkje Statnett saksomkostningar, men kommunane måtte dekke sine egne kostnader.

Etter kva kommunane og LVK kjenner til, er det ingen kommunar i dag som har takstar basert på den retningslina som lagmannsretten legg til grunn i dommen. Lagmannsrettens avgjerd kva gjeld domstolane si prøvelsesadgang karakteriserar lagmannsretten sjølv som eit «kursskifte». Kommunane og LVK har anka saka til Høgsterett. Saka er prinsipiell, og Statnett sitt søksmål mot andre kommunar er stansa i påvente av rettskraftig dom i denne saka.

Dei tre utvalte kommunane er "tilfeldig utvalde" i Statnett sin kamp om å få endra takseringspraksis. LVK skriv at det er urimeleg at tre kommunar skal måtte finansiere utgiftene

aleine både i tingretten og i langmannsretten, men LVK har ikkje sjølv økonomi til å dekke prosesskostnader ved søksmål mot einskildkommunar.

På denne bakgrunn oppfordrar ordførarane i dei tre saksøkte kommunane og leiaren i LVK alle kommunar til å bidra med kr. 20 000 i kronerulling for å støtte dei tre tilfeldig utvalde kommunane. Sentralstyret i LVK har gitt sin tilslutning til denne oppmodinga.

Fyresdal kommune løyvde sist gong saka var oppe til handsaming i lagmannsretten kr 20.000 for å vere solidarisk i ei prinsipiell sak som kan få store konsekvensar ved framtidig taksering av linjenett generelt både i Fyresdal og andre kommunar. Sjølv om ein ikkje heller denne gonga er ein del av søksmålet og Fyresdal kommune heller ikkje er ein kommune med mykje linjenett i Statnett sitt eige bør ein vere solidarisk å følgje opp tidlegare løyving da saka sitt utfall kan få konsekvensar for alt nettanlegg i kommunen, ikkje bare Statnett sitt.

Konklusjon:

Fyresdal kommune løyver kr 20.000 som omsøkt.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune løyver kr 20.000 til å dekke prosesskostnader dei tre "tilfeldig utvalde" kommunane får med sak for Høgsterett der Statnett prøvar å få endra gjeldande takseringspraksis for nettanlegg.

Løyving frå formannskapetets konto 1112.490

Ketil O. Kiland	
rådmann	